

Møteprotokoll

Utval:	Hovudutval for næring
Møtestad:	Fjernmøte
Dato:	28.04.2021
Tid:	10:05-13:15

Følgjande faste medlemer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Frode Kleppe Holgersen	Medlem	KRF
Sigrud Brattabø Handegard	Fungerande leiar	SP
Aleksander Øren Heen	Medlem	SP
Torbjørn Vereide	Medlem	A
Kine Bratli Dale	Medlem	A
Anne Gine Hestetun	Medlem	A
Mark Taylor	Medlem	MDG (gjekk kl 11:45)
Marianne Sæhle	Medlem	SV
Tom Hiis Bergh	Medlem	V
Jana Midelfart Hoff	Medlem	H
Noralv Distad	Medlem	H
Karl Vågstøl	Medlem	H
Morten Klementsens	Medlem	UA
Helge Stormoen	Medlem	FRP
Terje Søviknes	Medlem	FRP

Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Mak Taylor	Medlem	MDG (delvis forfall)

Følgjande varamedlemer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
Marie Hauge	Mark Taylor	MDG (frå 11:45)

Merknader

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Bård Sandal	Fylkesdirektør innovasjon og næringsutvikling
Per Morten Ekerhovd	Konstituert fylkesdirektør innovasjon og næringsutvikling
Mette Nora Sætre	Seksjonsleiar for verdiskaping i byar og regionar
Kathrin Jakobsen	Seksjonsleiar for forskning, kompetanse og internasjonalisering
Endre Høgalmen	Seksjonsleiar for naturressursar, landbruk og reiseliv

Sølve Dag Sundbø	Seksjonsleiar for grøn vekst, klima og energi
Jan Heggheim	Fagdirektør ekstern strategisk kontakt
Kristin Arnestad	Seniorrådgjevar verdiskaping i byar og regionar
Hans Inge Gloppen	Seniorrådgjevar for verdiskaping i byregionar
Lotte Lynngård	Rådgjevar politisk sekretariat / møtesekretær

Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Arkiv-saksnr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 9/21	Godkjenning innkalling og sakliste		
GK 10/21	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i hovudutval for næring 23.03.21	2020/77170	
	Referatsaker		
RS 23/21	Orientering - administrativt avslag på søknad om driftstilskot til Attraksjon Sunnhordland	2020/57774	
RS 24/21	RFF-Vestland - løyvd 15,1 mill. til forskning i Vestland fylke	2021/7176	
RS 25/21	Programforlengelse 2021 - 2024 Invest in Bergen	2021/7629	
RS 26/21	Årsrapport 2020 Invest in Bergen	2021/7632	
RS 27/21	Årsrapport for Innovasjon Norge Vestland for 2020	2020/37734	
	Skriftlege spørsmål		
SI 5/21	Spørsmål frå Bergh (V) - Spørsmål vedrørande Korona ,- 3 metersregelen og uteservering	2020/39466	
	Politiske saker		
PS 32/21	Vurderingar og prinsipp knytt til prioritering av søknader om tilskot til utbygging av Breiband	2021/7606	
PS 33/21	Havbyen Bergen	2021/16614	
PS 34/21	Ekstraløyving Statsbudsjettet - oppdragsbrev til Siva	2021/17056	
PS 35/21	Orientering -administrativt avslag på søknad om driftstilskot til Attraksjon Sunnhordland		

Godkjenningssaker

GK 9/21 Godkjenning innkalling og sakliste

Saksprotokoll i hovudutval for næring - 28.04.2021

Innkallinga vart godkjend utan merknadar.

Fungerande leiar Sigrid Brattabø Handegard (Sp) sette fram forslag om å løfte RS 23/21 «Orientering - administrativt avslag på søknad om driftstilskot til Attraksjon Sunnhordland» til politisk sak - PS 35/21 «Orientering - administrativt avslag på søknad om driftstilskot til Attraksjon Sunnhordland». Forslaget vart samrøystes vedteke.

Saklista vart godkjend med dei merknadane som er nemnd over.

GK 10/21 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i hovudutval for næring 23.03.21

Saksprotokoll i hovudutval for næring - 28.04.2021

Møteprotokoll frå møte 23.03.21 vart godkjend utan merknadar

Referatsaker

RS 23/21 Orientering - administrativt avslag på søknad om driftstilskot til Attraksjon Sunnhordland

Saksprotokoll i hovudutval for næring - 28.04.2021

RS 23/21 vart referert.

RS 24/21 RFF-Vestland - løyvd 15,1 mill. til forskning i Vestland fylke

Saksprotokoll i hovudutval for næring - 28.04.2021

RS 24/21 vart referert.

RS 25/21 Programforlengelse 2021 - 2024 Invest in Bergen

Saksprotokoll i hovudutval for næring - 28.04.2021

RS 25/21 vart referert.

RS 26/21 Årsrapport 2020 Invest in Bergen

Saksprotokoll i hovudutval for næring - 28.04.2021

RS 26/21 vart referert.

RS 27/21 Årsrapport for Innovasjon Norge Vestland for 2020

Saksprotokoll i hovudutval for næring - 28.04.2021

RS 27/21 vart referert.

Skriftlege spørsmål

SI 5/21 Spørsmål frå Bergh (V) - Spørsmål vedrørande Korona ,- 3 metersregelen og uteservering

Representanten **Tom Hiis Bergh (V)** stilte følgjande spørsmål til hovudutvalet:

1. Vil fylkeskommunen i likhet med Bergen kommune dispensere fra 3-metersregelen der det etter en konkret helhetsvurdering er forsvarlig?
2. Vil fylkeskommunen være positiv til å flytte skilt og hindringer på fylkeskommunale veier der det er fornuftig for å tilrettelegge for at serveringsstedene skal kunne utvide sine uteserveringer?
3. Vil fylkeskommunen i fremtiden sørge for at også NÆRNA inkluderes når saker som gjelder uteservering skal behandles i fylket?

Fylkesdirektør innovasjon og næringsutvikling har ved fylkesdirektør infrastruktur og veg svart følgjande:

Spørsmål 1:

Utgangspunktet er at kommunen gjennom kommunedelplan sentrum (KDP Sentrum) har fastsett gjeldande føresegner og retningslinjer for arealbruk som må ligge til grunn også for utleige av fylkeskommunal gategrunn til uteservering og andre aktivitetar.

Det er kommunen som plan- og byggesaksmyndigheit som må gi dispensasjon for at me skal kunne gi løyve til utvida skjenkeareal på kostnad av ferdselsarealet til dei gåande og eventuelt annan arealbruk. Fylkesdirektøren har retta ein førespurnad til Bergen kommune om me kan legge til grunn same tolking som byrådet har gjort i saka som gjeld uteservering på Bryggen i 2021 som eit unntaksår.

Fylkesdirektøren legg vekt på at det på generelt grunnlag er viktig at fylkeskommunen og kommunen har ein mest mogleg lik praksis i handsaminga og oppfølginga av uteserveringssakene. Dei næringsdrivande bør oppleve at dei møter dei same vilkåra, uavhengig av vegeigar. Samstundes vil forholde og føresetnadane for å gi utvida skjenkeareal vera forskjellig ulike stader i byen. Det er ulik fortausbreidde å ta av, skilnadar i kor høg bil- og fotgjengartrafikk det er og skilnadar i tilleggsaktivitetar og -funksjonar som krev areal av fortauet. Fylkesdirektøren forstår bakgrunnen for byrådsvedtaket og vil i dei einskilde sakene gjera ei konkret vurdering om det vil vera forsvarleg å redusera fritt fortausareal.

Fylkesdirektøren er ikkje samd i at me legg til grunn ei strengare tolking av arealkrava i KDP Sentrum enn kva som har vore praktisert tidlegare. Fylkeskommunen har vidareført dei seinare års praksis etter at me overtok ansvaret for handsaming av søknadane om uteservering langs fylkesveg frå 2020. Det vart gjort innstrammingar for serveringsstader på Torget og Bryggesporden i 2019 etter føringar frå Bergen kommune, medan ordninga var forvalta av Statens vegvesen. Andre innstrammingar vart gjort tidlegare.

Det kan vera enkelt saker der andre moment spelar inn for at søkjarar har opplevd redusert areal til uteservering seinare år. I ei konkret sak for årets sesong har fylkesdirektøren gitt medhald til klage frå ein serveringsstad i Vaskerelven (Café Opera).

Fylkesdirektøren har vidare stor forståing for at søkjarar har ønskt å koma i dialog med fylkeskommunen om sakene sine. Fylkesdirektøren inviterte alle søkjarar til møte onsdag 21. april. Her deltok også relevante bransjeorganisasjonar. I etterkant av møtet vert dei som ønskjer det fylgt opp med eigne møte om deira saker.

Spørsmål 2:

Det er Statens vegvesen som har skiltmynde, også på fylkesveg. Dersom eit skilt skal verta flytta må det gjennom ei vurdering i kvar enkelt sak. Skilt er plassert etter ei grundig fagleg vurdering av trafikktryggleikssyn. Trafikktryggleiken vil ligga til grunn som viktigaste omsyn også ved nye vurderingar av etablerte skilt. Statens vegvesen har i tidlegare sak vore negativ til å flytte skilt i ei konkret sak av desse omsyna.

Spørsmål 3:

Fylkesdirektøren vil syta for at framtidige referatsaker og politiske saker som gjeld uteservering langs fylkesveg også vert lagt fram for hovudutval for næring der dette er naturleg. Slike saker vil også verta lagt fram for rådet for menneske med nedsett funksjonsevne (RMNF) og hovudutval for samferdsel og mobilitet (SAMO). Om ønskeleg kan fylkesdirektøren orientera utvalet om arbeidet med uteservering. Fylkesdirektøren vil leggja til at avdeling for infrastruktur og veg og avdeling for innovasjon og næring har ein etablert og god dialog seg i mellom, og at uteservering er eit naturleg tema inn i denne dialogen.

Politiske saker

PS 32/21 Vurderingar og prinsipp knytt til prioritering av søknader om tilskot til utbygging av Breiband

Forslag til vedtak

1. Hovudutval for næring vedtek kriterier og prinsipp knytt til prioritering av søknader om tilskot til utbygging av breiband for 2021 slik det går fram av saka.
2. Hovudutval for næring ber fylkesrådmannen nytte 500.000 kroner av den eine millionen som kan nyttast til å dekkja administrative kostnader, til å styrke eksisterande tildelingsrunde. Restbeløpet på 500.000 kroner nyttast til kartlegging av områder som treng betre fast- og mobilt breiband.

Saksprotokoll i hovudutval for næring - 28.04.2021

Avrøysting

Fylkesdirektør innovasjon og næringsutvikling sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Hovudutval for næring vedtek kriterier og prinsipp knytt til prioritering av søknader om tilskot til utbygging av breiband for 2021 slik det går fram av saka.
2. Hovudutval for næring ber fylkesrådmannen nytte 500.000 kroner av den eine millionen som kan nyttast til å dekkja administrative kostnader, til å styrke eksisterande tildelingsrunde. Restbeløpet på 500.000 kroner nyttast til kartlegging av områder som treng betre fast- og mobilt breiband.

PS 33/21 Havbyen Bergen

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget tek rapporten «Havbyen Bergen - sluttrapport fra arbeidsgruppa» til orientering
2. Fylkestinget støtter at Vestland fylkeskommune, saman med Bergen kommune, tek initiativ til at det blir etablert eit prosjekt som får ansvar for å utvikle «Havbyen Bergen». For 2021 vert det sett av 350.000 kr. Finansiering vert sett i samanheng med sak om overskotsdisponering, rekneskap 2020.
3. Fylkestinget ber administrasjonen komme tilbake til fylkestinget 19. oktober med ei sak som konkretiserer samarbeidet med Bergen kommune og prosjektet Havbyen Bergen, samt vidare finansiering frå 2022.

Saksprotokoll i hovudutval for næring - 28.04.2021

Marie Hauge (MDG) stilte spørsmål kring eiga habilitet, da hennar direktør sit i referansegruppa til Havbyen Bergen. Hovudutval for næring vedtok samrøystes at ho var habil til å delta i sakshandsaminga.

Tom Hiis Bergh (V) stilte spørsmål kring eiga habilitet, da han begynner i ny jobb i juni i næringsseksjonen i Bergen kommune. Hovudutval for næring vedtok samrøystes at ho var habil til å delta i sakshandsaminga.

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag som innstilling til fylkesutvalet vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Fylkestinget tek rapporten «Havbyen Bergen - sluttrapport fra arbeidsgruppa» til orientering
2. Fylkestinget støtter at Vestland fylkeskommune, saman med Bergen kommune, tek initiativ til at det blir etablert eit prosjekt som får ansvar for å utvikle «Havbyen Bergen». For 2021 vert det sett av 350.000 kr. Finansiering vert sett i samanheng med sak om overskotsdisponering, rekneskap 2020.
3. Fylkestinget ber administrasjonen komme tilbake til fylkestinget 19. oktober med ei sak som konkretiserer samarbeidet med Bergen kommune og prosjektet Havbyen Bergen, samt vidare finansiering frå 2022.

PS 34/21 Ekstraløyving Statsbudsjettet - oppdragsbrev til Siva

Forslag til vedtak

1. Hovudutval for næring vedtek oppdragsbrevet frå Vestland fylkeskommune til Siva for ekstraløyving til Siva sitt næringshage- og inkubasjonsprogram i møte med pandemien. Ref Stortingets Innst 233 S (2020-2021).
2. Vestland fylkeskommune overfører totalt 11,416 millionar kroner til Siva. Løyvinga er i sin heilheit finansiert av overføring frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) (tilsagsnummer 510 012).
3. I oppdragsbrevet til Siva ber vi dei fordele ekstraløyvinga ut frå informasjon om behov Siva har fått frå næringshagar og inkubasjonsselskapa. Av løyvinga er 5,6 millionar kroner øyremerkt kompensasjon for bortfall av eigenandel (25 prosent). Overskytande 5,816 millionar kroner skal fordelast på aktørane i programma. Oppdragsbrev frå KMD datert 3. mars 2021 gjev Vestland fylkeskommune moglegheit til å fordele midlane ut frå regionale behov og prioriteringar.

Saksprotokoll i hovudutval for næring - 28.04.2021

Torbjørn Vereide (A) stilte spørsmål kring eiga habilitet, da hans familiemedlem sitt i styret i Næringshagen Hardanger. Hovudutval for næring vedtok samrøystes at han var inhabil etter forvaltningslova § 6 andre ledd. Han gjekk frå sakshandsaminga.

Avrøysting

Det var 14 representantar til stades.

Fylkesdirektør innovasjon og næringsutvikling sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Hovudutval for næring vedtek oppdragsbrevet frå Vestland fylkeskommune til Siva for ekstraløyving til Siva sitt næringshage- og inkubasjonsprogram i møte med pandemien. Ref Stortingets Innst 233 S (2020-2021).

2. Vestland fylkeskommune overfører totalt 11,416 millionar kroner til Siva. Løyvinga er i sin heilheit finansiert av overføring frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) (tilsagnsnummer 510 012).

3. I oppdragsbrevet til Siva ber vi dei fordele ekstraløyvinga ut frå informasjon om behov Siva har fått frå næringshagar og inkubasjonsselskapa. Av løyvinga er 5,6 millionar kroner øyremerkte kompensasjon for bortfall av eigenandel (25 prosent). Overskytande 5,816 millionar kroner skal fordelast på aktørane i programma. Oppdragsbrev frå KMD datert 3. mars 2021 gjev Vestland fylkeskommune moglegheit til å fordele midlane ut frå regionale behov og prioriteringar.

PS 35/21 Orientering -administrativt avslag på søknad om driftstilskot til Attraksjon Sunnhordland

Saksprotokoll i hovudutval for næring - 28.04.2021

Sigrid Brattabø Handegard (Sp) sette på vegner av A, H, MDG, Sp, SV, V, Krf fram slikt forslag:

«Hovedutval for næring viser til sak 3/2021 Overskottsdisponering 2019-tildeling av midlar.

Hovedutval for næring vedtek å løyva inntil 1 mill til vidare arbeid med prosjektet Attraksjon Sunnhordland. Fylkesrådmannen får fullmakt til å tildele midlane og utforma tilskottsbrev. Ev. støtte til år 2 og tre vert å komma tilbake til.»

Avrøysting

Brattabø Handegard sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Hovudutval for næring viser til sak 3/2021 Overskottsdisponering 2019-tildeling av midlar.

Hovudutval for næring vedtek å løyva inntil 1 million til vidare arbeid med prosjektet Attraksjon Sunnhordland. Fylkesrådmannen får fullmakt til å tildele midlane og utforma tilskottsbrev. Ev. støtte til år to og tre vert å komma tilbake til.

